

Fra: Tor Hegle
Sendt: 25. november 2014 23:23
Til: 'kjell@reigstadbygg.no'
Emne: SV: Svar på førespurnad om førehandskonferanse: Gbnr 173/57 og 53.

Hei og takk for tilbakemelding.

Ein søknad om dispensasjon er knytt til ein eigedom – og motsett - Dispensasjon som blir gitt til ein eigedom vil ikkje gjelde naboeigedomen.

Dersom det er fleire eigedomar i det aktuelle området som ynskjer same type dispensasjon på same tid, må det vere opp til søkjarane om dei vil søkje om dette – samtidig. Dei vil bli behandla separat - kvar sin dispensasjon knytt til kvar sin eigedom – og med kvart sitt gebyr.

Ei samtidig innsending vil gi både administrasjonen og politikarane eit signal om eit felles ynskje som kan gi meir tyngde i retning av å løyse utfordringane gjennom ein reguleringsplan. Dispensasjonssøknadene må sendast til Fylkesmann på høyring. Samtidig dispensasjonsbehandling med same føremål i eit område knytt til sjø, vil muleg ikkje bli vurdert upåakta hos fylkesmannen.

Har konferert med Julie Daling i dag. Ho reagerte på prisnivået som vart opplyst knytt til regulering. Vi skal ikkje sjå bort frå at prisnivået vil ligge i området kr. 200-300.000,-. Dette vil ein ikkje vite før ein har avgrensa kva område planen skal gjelde og kontakta fleire konsulentar ut frå same grunnlag.

Mvh
Tor Hegle

Fra: kjell@reigstadbygg.no [<mailto:kjell@reigstadbygg.no>]
Sendt: 25. november 2014 12:02
Til: Tor Hegle
Emne: Re: Svar på førespurnad om førehandskonferanse: Gbnr 173/57 og 53.

Hei igjen Tor.

Me takkar for eit godt møte i dag.

Det var eit spørsmål me gløyme å stille:
Eit av altnerativa er å søkje om dispensasjon, og tiltakshavarane ønskjer i utgangspunktet å gjennomføre dette som eit fellesprosjekt via ein søknad om dispensasjon, då dei har ein felles vegg og område som er naturleg å sjå saman.

Vert det då krevd dispensasjonsgebyr for begge gbnr?

med helsing

Kjell Reigstad

Reigstad bygg og Eigedom as
Dirtlf: 977 47 964
Epost: Kjell@reigstadbygg.no
Heimeside: www.reigstadbygg.no

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Tor Hegle <Tor.Hegle@lindas.kommune.no>

Til: "kjell@reigstadbygg.no" <kjell@reigstadbygg.no>

Dato: Thu, 13 Nov 2014 15:03:00 +0100

Emne: Svar på førespurnad om førehandskonferanse: Gbnr 173/57 og 53.

Se vedlagte saksdokumenter.